

TELEMARK BONDELAG



Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstuen
0301 OSLO
Norge

Vår saksbehandlar
Amund Johnsrud/Terje Engvik
35 95 90 32 57 83 70 86

Vår dato
14.04.2011
Dykkar dato

Vår referanse
10/01041-2
Dykkar referanse NVE 201000661-3 /
NVE 201000961-8

Høyring av søknader om Hanfoss kraftverk og Sauland kraftverk i Hjarthdal og Notodden kommunar

Telemark Bondelag vil med dette gi høyringssvar til søknadene frå Sauland Bygdekraft SA og frå Skagerak Kraft om bygging av høvesvis Hanfoss kraftverk og Sauland Kraftverk I og II.

Hanfoss kraftverk og Sauland I kraftverk er direkte konkurrentar om det same fallet, men der Sauland I oppnår ein noko høgare produksjon enn Hanfoss. I tillegg omfattar Sauland-utbygginga Sauland II basert på fallet i Skogsåi, som etter planane vil gi ein noko større produksjon enn Sauland I. Samla vert dermed produksjonen om lag 3 gongar så stor for Sauland som for Hanfoss, ca. 218 GWh mot 70 GWh. Utbyggingskostnadene pr. kWh er på same nivå for dei to konkurrerande utbyggingsplanane, ca. kr. 4,50 pr. kWh.

Prioriterer ein størst mogleg fornybarproduksjon, lokale inntekter i byggeperioden og samla skatteinntekter frå kraftprosjekta, talar dette for den største utbygginga. Samstundes er miljøulempene også klart størst for Sauland-alternativet. Kraftutbyggingsplanane medfører negative konsekvensar for bestanden av elvemusling, for fisket i elva og for estetiske verdiar knytte til vassdraget – ikkje minst knytte opp mot Omnesfossen. Begge utbyggingsalternativa får noko negativ innverknad på miljøfaktorar, men ulempene er klart størst ved det største utbyggingsalternativet.

Telemark Bondelag ser miljøforsvarleg produksjon av fornybar energi basert på vassressursane i utmarka som eit viktig tiltak både i klimasamanheng og når det gjeld lokal næringsutvikling. Etter nyare dommar om verdsettinga av fallrettar representerer fallverdiane i utmarka ein viktig utmarksressurs som landbruksnæringa bør utnytte til å styrke samla inntektsgrunnlag. Ser ein på Hjarthdøla-greina av utbyggingsplanane, er det mykje som tyder på at Sauland Bygdekraft sitt prosjekt representerer den beste løysinga når ein vurderer verdiskapingsverknader og miljøulemper samla. Eit fullt ut grunneigareigd selskap legg grunnlaget for full involvering av grunneigarane og ein varig inntektsstraum, sett saman av både fallrettsleigeinntekter og av overskott i kraftverksselskapet. Når

Bondelagets Servicekontor AS

Postadresse: Landbrukets hus, Bovegen 271 3810 GVARV Telemark Bondelag Bondelagets Servicekontor AS	Besøksadresse: Landbrukets hus, Bovegen 271 3810 GVARV Org.nr.: 939678670 Org.nr.: 985063001 MVA	Tlf: 35 95 90 30 Bankkonto: 2630.07.00526 Bankkonto: 8101.05. 91392	Fax: Bankkonto: 2630.07.00526 Bankkonto: 8101.05. 91392	E-post: telemark@bondelaget.no Internett: http://www.bondelaget.no/telemark/
--	---	---	--	---

Vår dato
14.04.2011

Vår referanse
10/01041-2

alternativet i tillegg involverer fallrettseigarar nedanfor den planlagde kraftstasjonen, ser det ut til at prosjektet representerer ei god samla løysing.

Men søknaden om Hanfoss kraftverk inneheld ikkje noko alternativ for utnytting av fallressursane i Skogsåi. Skulle Hanfoss kraftverk få konsesjon, kan det sjå ut til at det finst to moglege alternativ for å få realisert kraftproduksjon på grunnlag av Skogsåi-fallet: Enten reduserte og modifiserte planar om Sauland II frå Skagerak Kraft eller satsing på realisering av mindre småkraftprosjekt langs Skogsåi. Det siste alternativet kan synest interessant. Men på grunnlag av kostnadstala som Skagerak Kraft opererer med i konsesjonssøknaden sin, kan det sjå ut til at økonomien kan bli krevjande ved slik småkraftutbygging. Med el-sertifikatordninga som er signalisert frå 2012 kan likevel ein del moglege småkraftprosjekt på strekninga vere mogleg å realisere.

Når det gjeld involvering av grunneigarar og varige inntekter til fallrettseigarar, er det positivt at Skagerak Kraft signaliserer vilje til å late fallrettseigarane få medeigarskap i kraftverket, og at det vert lagt opp til avtaleløysingar med grunneigarane. Likevel er eigardelen for grunneigarane i eit slikt prosjekt avgrensa til maksimum 1/3 av aksjane. Dei vil i alle høve verte minoritetseigarar, i motsetning til i Hanfoss kraftverk. Og når det gjeld vederlag for fallrettane, er det frå Skagerak Kraft ikkje uttalt noko om varige inntekter. Det vert lagt opp til friviljuge avtalar, men alternativt søkt om ekspropriasjon av fallrettar. Skulle Sauland kraftverk få høve til å realisere planane sine, er det viktig at det vert sikra høve for grunneigarane til varig medeigarskap og til varige, årlege inntekter for fallrettane sine.

Ved den avsluttande handsaminga av konsesjonssøknadene ber Telemark Bondelag om at det vert lagt vekt på ei løysing som i størst mogleg grad tek omsyn til trongen for varig verdiskaping i bygda og samstundes tek tilstrekkelege miljøomsyn. Får ein realisert kraftutbyggingsprosjekt som gir varige tilleggssinntekter i landbruket og i lokalsamfunnet, styrkar ein også grunnlaget for å oppretthalde det tradisjonelle landbruket med den viktige matproduksjonen som ein treng å ha over heile landet.

Beste helsing

Elektronisk godkjent, utan underskrift

Amund Johnsrud

Terje Engvik

Kopi: Hjartdal Bondelag v/Mathias Kleppen